


Om NIR og MRS

MRS (Medisinsk registreringssystem) er den nasjonale plattformen NIR brukar. Det vil seie at alle data som skal inn i NIR blir sende over Helsenettet og via MRS inn i registeret. Registeret vårt ligg i dag fysisk på ein server i Trondheim. Der har alle NIR-medlemmer tilgang sin «del» av registeret, og anonyme samledata frå heile registeret.

Det er to måtar å registrere data/intensivopphald på i NIR:

1. Manuell pålogging på <https://mrs.nhn.no/> og direkte inntasting av data for kvart intensivopphald i MRS
2. Manuell pålogging på <https://mrs.nhn.no/> og deretter import av ei lokalt generert xml-fil som inneheld alle data

Both manual and automatic data export



Fram til og med 2015 hadde vi MRS versjon 3. Det var naudsynt med ei utviding av registeret for at registeret skulle oppfylle måla sine. Blant anna måtte vi ha betre oversikt over årsaker til at pasientane kom til intensiv, og kva organsvikt dei hadde og kva tiltak som vart gjorde. Difor vart registeret oppgradert til versjon 4 frå og med 2016, altså MRS4 som vi brukar i dag.

Dei fleste NIR-einingar brukar DIPS. Det vart i DIPS Classic utvikla ein rapportfunksjon i intensivmodulen. Ein kunne dermed generere ei lokal xml-fil som passa med MRS3. Ein kunne så importere mange intensivopphald samstundes ved hjelp av denne fila og importfunksjonen i MRS (metode 2. over). Den gamle versjonen av eksportfila (xml) er ikkje tilpassa MRS4, og det måtte difor lagast ein ny eksportfunksjon. Vi vart førespegla, og hadde basert oss på, at ein ny eksportfunksjon i DIPS for MRS4 skulle kome relativt raskt på plass.

Dette arbeidet har teke mykje lenger tid enn vi trudde. Men det er no laga ei ny rapportfunksjon i intensivmodulen i DIPS Arena, som er den nye versjonen av DIPS. Denne rapportfunksjonen er slik at ein skal kunne skåre intensivopphalda ferdig i DIPS. Alle NIR-data som finst i systemet blir automatisk utfylde. Deretter kan data sendast direkte til NIR tilpassa MRS4.

Intensivregistreringa i DIPS Arena er ferdigutvikla og er no i ein testfase. Produktet er kompatibelt med noverande DIPS Arena versjon 17.1, som vart lansert i slutten av august 2017. Dei regionale helseføretaka har no meldt at dei ikkje ynskjer å produksjonssetje DIPS Arena 17.1 og vil heller vente på 17.2, som vert lansert i slutten av januar 2018.

Desse forseinkingane får uheldige konsekvensar for NIR og mange andre register. Vi er lei for denne situasjonen, men kan som ein liten aktør i avgrensa grad påverke nasjonale og regionar prosessar. Vår situasjon er no:

1. Metoden med direkte inntasting av data fungerer som før, men med ny MRS-løysing.
2. Metoden med import av xml-fil fungerer dårleg. Sidan xml-fila ikkje er tilpassa MRS4, blir alle opphalda liggjande som kladd, og det må gjerast eit manuelt arbeid med inntasting av nye, obligatoriske datafelt før opphalda kan ferdigstillast. Berre ferdigstilte opphald er tilgjengelege for NIR og i Rapporteket.

NIR arbeider no med å få testa den nye DIPS Arena-modulen i alle regionane. Vi skal også prøve å få tilgang på ei mellombels oppgradert xml-fil, som kan redusere omfanget av manuell redigering. Vi har vore i kontakt med Helse Vest IKT/Nasjonale IKT om dette, og skal ta problemet opp med dei regionale helseføretaka.

Trass desse utfordringane har dei aller fleste av dykk greidd å levere komplette datasett for 2016. Det er vi glade og takksame for. Vi håpar vi kan halde oppe aktiviteten og godt samarbeid også vidare, i påvente av enklare registreringsløysingar. Registeret er blitt godt og vi gler oss til å presentere både nye medlemmer og nye data på årsmøtet.

Eirik Buanes – dagleg leiar i NIR

Reidar Kvåle - NIR